



Odda vidaregåande skule
Eidsmoen

5750 ODDA

Dato: 07.10.2014
Vår ref.: 2014/12603-55
Saksbehandlar: borlil
Dykkar ref.:

Justering av søknad kveldskurs i Helsearbeiderfaget skuleåret 2014/15

Vi viser til søknad av 09. mai og 30. september 2014.

Opplæringsavdelinga har handsama søknadene og godkjenner oppstart av to kveldskurs i helsearbeidarfaget.

Skulen må gjennomføra opplæringa som vaksenopplæring etter opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Desse peikar m.a. på retten til opplæring tilpassa vaksne med rett til vitnemål eller kompetansebevis i høve til fullført opplæring.

Skulen har ansvar for inntak av kandidatane og for å gi desse god og tidsrett informasjon om skuleplass og opplæringstilbod. Dersom det vert ledige plassar i opplæringa kan skulen ta inn vaksne utan vaksenrett, jfr. elles f § 6-49 i opplæringslova.

Kandidatane skal vera registrerte i VigoVoksen. Likeeins skal CV registrerast og kandidatane skal vurderast på faga.

Samla kostnad for opplæringa: Kr. 604.480,- som fordeler seg slik:

2 klassar Helsearbeidarfag. Timetal: 304 pr. klasse – totalt 608 timar á 45 min. Timepris: Kr. 967,11.
Kveldstillegg: Kr. 27,10 pr. time.

Timeprisen er inkl. sos. kostnader.

Skulen varslar eventuelle avvik i føresetnader og gjennomføring av tiltaka i tildelinga.

Vårt brev av 20.06.2014 utgår.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Borgny Lilleøren
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.